

Imponert over musikk læreren sin!

23.04.2018



Nils Rainer Vågen har hatt flott utvikling dei siste åra med Linas Dankinevicius som dyktig lærar. Linas har også hatt aspirantane i skulemusikken.

Mellom publikum på den flotte konserten som Husnes og Holmedal sokneråd arrangerte i samarbeid med Høyåker musikklag i Valen kyrkje i kveld, var det også i underkant av 10 fornøgte uskedelingar. Ein av dei var den lovande skulekorpsmusikanten Nils Rainer Strüter Vågen(14). Han likte konserten svært godt, og var nok ekstra imponert av spelet til kulturskulelæren sin, Linas Dakinevicius.



Nydeleg var samspelet mellom Linas og Eva.

Det var eit variert, krevjande og godt samansett program arrangørane i Høyåker musikklag hadde sett saman i lag med dirigenten sin, Linas Dakinevicius, og kantor Eva Megyesi. Korpset viser at samarbeid på tvers av bygdegrensar gjev svært godt resultat når dei har ein så dyktig musikalsk leiar som Linas. Det starta med eit samarbeid mellom Utåker og Høylandsbygd, og det har vore særdeles vellukka. No er det eit svært så oppegåande korps med medlemmer frå Etne og Skånevik i tillegg til Halsnøy og strekningen Valen til Utåker. Dei er i overkant av 20 medlemmer. For ikkje lenge sidan presenterte dei eit forrykande Blues Brothers-show, og i kveld fulgte dei opp med ein svært variert og god konsert som innheldt alt frå tyngre klassiske stykke via humoristisk musikk til frisk irsk dans.

I tillegg hadde dei to verkelege 'rosiner i pølsa' i dirigent Linas Dakinevicius og kantor Eva Megyesi. Linas er den dyktige messinglæraren som har vore i kulturskulen siste åra. Han framførte to stykke på instrumentet sitt, valthorn, først Elegie av Rachmaninov akkomppanert av Eva på piano. Seinare i konserten spelte Eva orgel til då Linas framførte J. S. Bach sin Chorale frå Cantata nr.147. Valthorn er heilt nydeleg når vi får høyre det av ein som verkeleg beherskar det krevjande blåseinstrumentet, og det fekk vi til fulle høyre i kveld. Det er ikkje utan grunn at Linas har spelt på mange store scenar i Europa. Eg håpar vi kan få oppleve han i Uskedal kyrkje og!!

Nok ein gong var Eva Megyesi sentral i konserten. I tillegg til å oppleve henne som akkompagnatør for Linas fekk vi oppleve ho i to flotte solostykke på orgel, og i samspel med musikkorpset. Saman spela dei to stykke, og vi fekk høyra både kammermusikk av Händel og ein fransk dans.

Det var godt med publikum i Valen kyrkje denne mandagskvelden, og eg hadde inntrykk av at alle var fornøgde då dei gjekk ut kyrkjedøra. Den gode kjemien mellom Eva, Linas og korpset smitta også over på publikum og resulterte i svært god stemning.



Høyåker er eit svært godt resultat av samarbeid over bygdegrensar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland